



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Sykkylven kulturhus
Dato:	16.12.2019
Tid:	Kl. 13.00

103/19 Kommunedelplan sentrum-Ikornnes - slutthandsaming

16.12.2019 Kommunestyret

Behandling

Clara Aarseth-Strømmegjerde tok om spørsmål om habilitet, som ektefelle til dagleg leiar i firmaet som har interesser i delområde i planen.

Otto-Magne Strømmegjerde tok opp spørsmål om habilitet, som svigerfar til dagleg leiar i firmaet som har interesser i delområde i planen.

Dei gjekk frå under handsaminga av habilitetsspørsmålet. 27 voterande.

Clara Arseth-Strømmegjerde vart samrøystes vedteken inhabil.

Otto-Magne Strømmegjerde vart samrøystes vedteken inhabil.

27 voterande.

Til saka:

Sp v. Anita Kjersheim tok opp forslag om alternativ 2 i rådmannen sitt framlegg til vedtak når det gjeld BU2 - Bustadareal v Ullavik skule, elles som tilrådinga frå Nærings- og utviklingsutvalet.

Sp sitt forslag fekk 11 røyster og fall. Nærings- og utviklingsutvalet si tilråding vart vedteken med 16 røyster.

KST - 103/19 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vedtar Sykkylven kommunestyre kommunedelplan for sentrum-Ikornnes (planID 15282017004).

Planen vert gjort gjeldande for alle delar utan motsegn.

Kommunen gjer følgjande vedtak for gjenståande motsegner:

BU1 – Bustadareal Grebstad

Kommunen imøtekjem motsegna ved å ta bustadarealet ut av plan. Arealet vert då LNF, som i gjeldande plan.

BU2 – Bustadareal v Ullavik skule

Kommunen held fast på arealet. Motsegna står ved lag.

BU20 – Bustadareal Kagholen

Kommunen imøtekjem motsegna ved å ta bustadarealet ut av plan. Arealet vert då LNF, som i gjeldande plan.

Føresegner for LNF-spreidd busetting, pkt 5.2 – krav om skjerpa jordvern.

Kommunen imøtekjem motsegna ved å justere føresegnene pkt 5.2 i samsvar med krav frå fylkesmannen.